

Søknad om tilskot til kulturprosjekt

Søklar:

Namn på verksemd CLAUS SELLEVOLL
Org.nr. 885959652
Type verksemd Enkeltmannsføretak
Adresse Skarsvegen 486
 5911 Alversund

Kontaktperson

Namn Claus Sellevoll
Telefon 91731491
E-post claus.sellevoll@gmail.com

Namn på prosjekt:

Olav Nygard – Paa tronge vegar stig det store tankar



Oppstartsdato. 01.12.2022

Ferdigstillast: 11.02.2024

Ein turne bør knyttast til 100-årsmarkeringa av Olav Nygard sin død, februar 2024.

Innhald i prosjektet / tiltaket

Sjanger: Scenekunst, litteratur, musikk, visuell kunst, kulturarv, kunststartar i samspel

Om prosjektet / tiltaket:

Olav Nygard døyde 11.februar 1924, berre 39 år gamal. Det bør markerast at dette er 100 år sidan i 2024. Han var ein av våre aller største diktarar. Claes Gill, skodespelar, diktar og teatersjef, sa det slik:

«Hadde Olav Nygard skrive på eit verdenspråk, så hadde han høyrte til blant dei største lyrikarar i verdenslitteraturen.» Slik vart det ikkje. Diktaren frå Modalen vart løfta fram av samtidige folk som Arne Garborg («Det finaste me hev av lyrikk på norsk»), men han er sørgjeleg lite kjend. Kven var denne gåverike mannen? Korleis kunne ein fattig, sjukeleg diktar skrive så universelt og tidlaust?

Olav Nygard skreiv nynorsk - eller landsmål, som det heitte den gongen. Og som om det ikkje var nok, så tilførte han landsmålet nye ord; han lagde sine eigne omgrep, ved å setja saman gamle ord på nye måtar, og på den måten få fram nye klangar og meiningar.

Vi ønskjer å løfte fram diktinga, slik at fleire kan oppdaga og vera stolte av denne underkjende lyrikaren. I eit program med tekst, musikk og lysdesign vil vi bere dette på ein måte som løfter han i vår samtid, der vi er opptekne av mange av dei same spørsmåla som diktaren.

Kvar og når: Denne framsyninga vil høve godt i lokale og regionale kulturhus, men endå betre i vestlandskyrkjene.

Det er naturleg å ta utgangspunkt i Nordhordland og dei indre delane av fylket, men dette vil vera av interesse utanfor desse regionane

Regional kulturverdi:

Olav Nygard skreiv ikkje om lokale tilhøve, men den dramatiske vestlandsnaturen trer tydeleg fram gjennom heile livsverket. Referansane forsterkar dei store spørsmåla han var oppteken av; kjærleiken og døden.

Budsjett:

Søknadsum: kr. 100 000,-

Utgifter

Utgift	Beløp
Skodespelar	100 000
Musikar	100 000
Husleie	100 000
Komponist	100 000
Manus (dramatikar)	100 000
Regissør	100 000
Lyd & Lys	100 000
Teknisk utstyr	100 000
Andre kostnader	150 000
Totale utgifter	950 000

Inntekter

Inntekt	Beløp
Billettinntekter	500 000
Events	150 000
kulturstønad og sponsorar	300 000
Totale inntekter	950 000



Under pianist Rune Alver sin jubileumskonsert fekk Claus Sellevoll saman med jubilanten gjort ein «prøveklut» på stoffet til lyrikaren Olav Nygard.

-Å høyra Rune Alver og Claus Sellevoll saman var eit høgdepunkt i konserten, skreiv Avisa Strilen i sin konsertomtale



STERK FORMIDLAR:

Claus Sellevoll er ein sterk formidlar av Olav Nygård sin lyrikk, skriv Avisa nordhordland i sin konsertomtale